

Olje og energidepartementet
Oslo
v/ NVE
E-post-adresse: nve@nve.no

Anke av NVE sitt avslag til å bygge Kroken kraftverk i Regndalselva i Sykkylven kommune.

Vi vil med dette på det sterkaste be om at Olje og energidepartementet gjer om NVE sitt vedtak om å nekte konsesjon til bygging av Kroken Kraftverk. Vi meiner at NVE har teke si vurdering på sviktande grunnlag og utan å vektlegge heilheita i vårt prosjekt.

Vi som sender denne anka, er grunneigarar som framleis driv bruk med dyrehald på Velle. Kraftverket vil ha stor økonomisk betydning for oss og vere med på å trygge våre framtidige investeringar i jordbruket. Utbygginga vil vere ein viktig føresetnad for vidare drift på fleire av gardsbruka.

Storting og Regjering har bede oss bøndene om å ta i bruk alle resursar på bruka. Det er nettopp det vi på Velle no prøvar å gjere. Difor er det svært viktig for oss at vi får realisert planane om å bygge kraftverk i Regndalselva.

På Velle er det framleis fem bruk med dyrehald. Korleis utviklinga vert, er det ingen som i dag veit, men vi har i alle fall tru på at vi ved å ta våre resursar i bruk på ein god måte, kan klare å ha aktivitet og drift på bruka også i framtida.

På eit økologisk mjølkebruk er det nyleg satsa og bygd ny driftsbygning med mjølkerobot. Her var eit minikraftverk ein av grunnane til at reknestykket gjekk i hop og satsinga kunne realiserast.

På det andre mjølkebruket på Velle er det og vilje til å satse vidare, men det krev store investeringar i nye bygningar og nytt utstyr. Også dette bruket kan verte eit bruk for framtida om eigaren tør satse. Kroken Kraftverk vil gjere investering tryggare, og neste generasjon vil få eit godt utgangspunkt for å drive med dyr også her.

Eit bruk med storfehold (kjøtproduksjon/ammekyr) var i ferd med å legge ned, men dei har stoppa nedleggingsprosessen, og venter litt for å sjå om det kan vere aktuelt også for dei å drive vidare.

På eitt av dei to sauebruka vurderer for tida ein ny generasjon å etablere seg. Også der trengs det store investeringar om det skal vere dyrehald og drift i framtida.

På Velle har det vore dyr på beite i hundrevis av år, og vi som driv med dyr, bruker framleis beiteområda og utmarka.

For å sikre det biologiske mangfaldet, er det svært viktig at det også i framtida vert dyr på beite på Velle.

Etter det vi forstår er ein av dei største farane for Praktdraugmose gjengroing pga manglande beiting. Eit nei til Kroken kraftverk kan i ytterste konsekvens føre til nedlegging av husdyrbruk på Velle og såleis verte ei årsak til at også Praktdraugmosen forsvinn frå utmarka. Det er registrert 14 lokalitetar i fylgje den biologiske kartlegginga i konsesjonssøknaden, men berre ein av dei KAN

verte negativt påverka av mindre vassføring i elva.

Ved redusert beiting kan alle dei 14 lokalitetane verte skadelidande. Denne faren gjeld og fleire artar. **Dette forholdet har ikkje vorte synleggjort og vektlagt av NVE.**

Vi har fått Sparebanken Møre, som er ein aktiv samarbeidspartner for småkraftnæringa, til å vurdere økonomien i Kroken Kraftverk. Etter deira kalkyler vil kraftverket gi ei utbetaling til eigar på omlag 27 mill etter skatt dei fyrste ti åra. Dette inneber fallrettsleige og overskot i selskapet. Forskning viser at for å finne verknaden for lokalsamfunnet av ei slik utbetaling, kan den multipliserast med ein faktor på 1,6.

Deira konklusjon er slik:

- God toleevne for sprekk i investeringskalkyle
- God toleevne for svakare produksjon enn estimert, samt hydrologiske variasjonar rundt normalåret
- Godt prosjekt for involverte grunneigarar – god toleevne for fallrettsleige (ligg null i modellen) – verdistiging på eigedommane
- Attraktivt prosjekt for Sparebanken Møre å finansiere

Når vi i media les og høyrer om alle dei kraftverk som ikkje vert realisert, er det underleg at vårt som kan realiserast, ikkje skal få løyve. Dette i ei tid då vi også kvar dag vert mint på kor viktig det er å legge om frå fossilt brendsel til grøn kraft.

Dette kraftverket vert av fagfolk sett på som eit av Norges mest miljøvenlege kraftverk.

Sjølve kraftverket vert bygd i eit område der det vert drive jord- og skogbruk. Det vert bora tunnel til eit coandainntak. Ingen veg til inntaksområdet, heller ingen kablar eller luftspenn dit.

Høgspenkabel vert nedgraven ved eksisterande jordbruksveg.

Det er eit kraftverk som kan realiserast. I dag er det mange som av ulike årsaker, ikkje klarer å realisere sine planar om å bygge godkjende kraftverk.

Det vil gi ein årsproduksjon på 17,4 Gwh. Det er viktig å auke produksjonen av grøn kraftproduksjon.

Det vil gi stor økonomisk gevinst for utbygger og for lokalsamfunn. Den økonomiske gevinsten for lokalsamfunnet har blitt sterkt underestimert i rådmannen si vurdering/innstilling. Dette kan vere ein av grunnane til at eit fleirtal i kommunestyret, etter å ha veka dei forskjellige argumenta, plasserte prosjektet i raud kategori. **NVE har etter det vi forstår ikkje vurdert dette.**

Vi vert heile tida fortalt at vi må sjå ting i samanheng og handle ut frå det. Vi meiner at vi gjer det i denne saka, og vi meiner at NVE ikkje har teke nok omsyn til lokale samfunnsverknader i sitt avslag av søknaden.

Med den store minstevassføring som er foreslått, vil det heller ikkje gi noka større endring i landskapsbiletet. Dalsidene i Velledalen har mange elvar og fossar, og Regndalselva er ei av mange. Dette er også poengtert av Fylkesmannen i fylgjande presiering: "Regndalsfossen er berre ein av svært mange fossefall som gjev inntrykksstyrke i periodar med nedbør og eventuell snøsmelting."


Vi har teke omfattande miljøhensyn i planlegginga, og ei utbygging vil ikkje gi nemneverdig negativ verknad for oppleving og friluftsliv.

I retningslinjene til NVE står det at synfaring er ein av dei viktigaste faktorane i vurderinga. Likevel vart ikkje denne gjennomført før vedtaket vart fatta. Grunneigarane vurderer synfaringa som ein grunnleggande del av presentasjonen av det planlagte prosjektet. Før ny

avgjerd vert teke i denne saka, ber vi aktive husdyrbøndene på Velle om å få møte Olje og energiministeren og Landbruksministeren. Dette for å legge fram vår sak i full breidde, slik at saka kan sjåast i den rette samanheng.


Vi viser elles til anke frå Grunneigarlaget på Velle

Velle 19.09.2014


Bastian Weiberg-Aurdal


Kåre S. Welle


Helge Oskarson


Else Bjørdal Velle


Ole Andre Velle